



IDRETTSRÅD

RADØY

5938 SÆBØVÅGEN

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale til reglement for utleige av kjøkenet i ungdomens hus

Før ungdomens hus vart bygd på tribunen i Radøyhallen, kunne alle lag som nytta hallen fritt nytta kjøkenet på tribunen til kiosksal, dette var ein del av idrettshallen. Etter at ungdomens hus vart bygd, har dette endra seg, i disfavør av idretten og dei ulike laga som nyttar hallen. Skal ein nytta ungdomens hus, kostar det kr. 536,- for ein dag. Når dette kjem i tillegg til halleiga, vert det ikkje så lett å tena pengar på kiosksal på eit enkelt arrangement, t.d. ein handballkamp.

Idrettsrådet finn det urimeleg at laga skal betala leige for å kunna nytta kjøkenet på tribunen til einskildarrangement. Dei inntektene ein kan oppnå ved kiosksal vert vesentleg redusert når ein må betala leige for lokala. Ei løysing ute på tribunen eller å nytta kjøkenet nede ved vestibylen vil ikkje vera fullgodt. Idrettsrådet finn det prinsippielt urimeleg at kommunen skal ta eit gebyr for slikt, det er jo ikkje slik at lag og organisasjonar *ikkje* får nytta kjøkenet, men ein må betala leige for å gjera det.

Idrettsrådet ynskjer å ha eit drøftingsmøte med ordførar/administrasjon om denne saka, noko som me forøvrig har bede om fleire gongar tidlegare og.

Austmarka, 04.11.2014

Jostein Borlaug
nestleiar

Bjørn Ove Myking (s)
leiar